

BUSTADSTIFTINGA
ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane
Vie, 6807 Førde - org nr 874 979 392

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/fylkesordførar
Askedalen 2
6863 Leikanger

Førde, 25.6.2014

Val av medlemer til styret i Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane.

I dag er det fylkesutvalet som vel medlemer til styret i stiftinga ved sentralsjukehuset. Styret i stiftinga kjem med eit innspel om å endre denne praksisen, der styret vert valt av Førde kommune. I så fall må vedtektene endrast. Vedtektene kan endrast av styret, men fylkeskommunen skal gje uttale. Vedtektsendringar skal godkjennast av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Årsaka til at styret ønskjer endringar, er at det har skjedd utvikling i behovet for type bustader, frå oppretting av stiftinga i 1975 og fram til i dag. Styret er også gjort kjent med at fylkeskommunen ønskjer å overføre oppgåva med val av medlemer til styra i stiftingane, til andre. Styret i Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset ser det som mest naturleg at det er Førde kommune som får denne oppgåva.

Ved utleige frå stiftinga, er det tilsette ved sentralsjukehuset som skal ha prioritet på husvære. Heile bustadmassen på 124 leiligheiter vert i dag leigd ut samla til Helse Førde. Bustadstiftinga er i gang med ei større rehabilitering av bustadane. I forhandlingar vi har med foretaket om endra prisar på renoverte leiligheiter, kjem det fram at behovet for dei største leiligheitene er mindre, det er størst behov for to / tre- roms leiligheiter. Det betyr at stiftinga har utfordringar med å få tilfredsstillande inntekt på dei største leiligheitene.

Som forvaltar av eigedomane, må styret ta dette signalet alvorleg. Styret må difor tenkje utvikling mot mindre leiligheiter i framtida. Til det trengs tomtegrunn, og vi har peika på eit område i Vieåsen, som er eigd av kommunen, og bedd om at dette området vert teke inn i komande reguleringsplan til Førde kommune. Styret ser det som viktig at samarbeidet med kommunen er godt. Stiftinga har innleia eit samarbeid med Høgskulen, fordi deira bustader ligg i same område som våre bustader, ein del tenester grip inn i kvarandre. For å utnytte bustadmassen på beste måte, må utleige til andre nyttast. Omsynet til at tilsette ved sjukehuset skal ha prioritet, må alltid ivaretakast.

Desse endringane gjer at Bustadstiftinga blir ein endå viktigare aktør i Førde-samfunnet. Styret meiner difor at det er naturleg at det er Førde kommune som vel medlemer til styret i stiftinga. Styreleiar har hatt samtaler med rådmannen, som synes utspelet er interessant, men kommunen vil at fylkeskommunen uttaler seg først i saka.

Med helsing
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane

Ivar Svensøy
Styreleiar

Kjell Lien
Dagleg leiar